



Flexiruter er bestillingstransport frå heimen til sentrum og heimatt, og er ein del av det ordinære kollektivtilbodet.

Tilbodet er ope for alle. Det er likevel særleg tilpassa for reisande som ikkje har tilgang til eigen bil, har avstand til næraste haldeplass eller bur i område der det er lite eller ikkje kollektiv-tilbod.

Flexirutene køyrer heile året, men ikkje på heilagdaggar. Bagasje og anna utstyr kan takast med så langt bilen har kapasitet. Dersom bilen ikkje har plass til alle påmeldte, køyrer transportøren ein ekstra tur.

Dei som melder seg på etter fristen kan bli med om det er plass, men det vert ikkje køyrd ekstra tur.



**35 kr**  
Pris kvar veg



Tenestekontoret gjev nærare opplysningar, tlf. 90 22 21 04

### Påmelding

Du må melde deg på innan kl 20 dagen før til oppgjeve telefonnummer på side 3.

Treng du ekstra service må du melde frå om dette ved påmeldinga.

Gje beskjed om du skal ha med rullator/rullestol.

Ynskjer du å bli henta heime og køyrd tilbake til heimen, må du seie frå om dette ved påmeldinga. Ved påmeldinga får du beskjed om tidspunkt for avgang/henting.

**Alle flexi –og skoleruter tek med ordinære reisande.**



**Vestfold og Telemark**  
FYLKESKOMMUNE



## SELJORD KOMMUNE

1. Åmotsdal
2. Sentrum

5.2.2021



	<b>RUTENAMN</b>	<b>KØYREDAGAR</b>	<b>FORVENTA ANKOMST</b>	<b>RETUR FRÅ SENTRUM</b>	<b>TRANSPORTØR</b>	<b>PÅMELDING</b>
<b>1</b>	<b>Åmotsdal</b>	Fredag Fredag	Kl. 10.00	Kl. 12.00 Kl. 23.00*	Kjetils tur AS	Tlf. 90 14 64 10
<b>2</b>	<b>Sentrum</b>	Torsdag	Kl. 10.30	Kl. 12.30	Seljord Taxi	Tlf. 35 05 22 90

*\*Annankvar veke, når ungdomsklubb i Seljord. Bestilling før kl 18.00 same dag.*

#### **HER KØYRER FLEXIRUTER**

- 1**     **Åmotsdal**             Åmotsdal - Langlim – Svartdal – Flatdal – Seljord
- 2**     **Sentrum**             Heddeli – Tømmeråsen – Nordbygdi – Sentrum

*For skuleruter i Åmotsdal og Langlim, sjå ruteplan på [farte.no/rutetabeller](http://farte.no/rutetabeller).*

*Dersom du ynskjer å bli henta heime, må privatvegen vere i god stand.*